



Møtereferat

Delprosjekt: A9 - VAR

Møtestad: Skype

Dato: 18.5.18

Tid: 09-11

Møteleiar: Kim A. Breivik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Steven Jørgensen (Punkt 4.)	Ålesund
Bjørn Skulstad	Ålesund
Kim A. Breivik	Sandøy
David Chris Mertsching	Ålesund (TV)
Morten Sloth-Fjordside	Ørskog
Kjell Sindre Johansen	Haram

Forfall: Frode Helland.

Saksliste:

1. Innspel Sensorar jf. A4 sitt mål 8.c).
2. Status anskaffing sjølvkostbistand
3. Status Arbeidsgruppe VA-Norm
4. Status Arbeidsgruppe ledningskart
5. Status Arbeidsgruppe Forsystem (her treng eg innspel på deltakarar)
6. Arbeid vidare i delprosjektet – prioritering og oppfølging av mandat/oppgåver

Referat:

Punkt. 1.

A4-IKT sitt mål:

8. Effektmål: Kommunen skal aktivt bruke målte data som grunnlag i avgjersler både innan forvaltning og drift

c) Innan utgangen av Q1 2019 starta ein pilot for utrulling av sensorar innan ei av dei tekniske tenestene der det i dag ikkje gjennomførast målingar.

Målet og mulege område der ein kan gjennomføre dette vart drøfta. Innan vårt fagområde er det truleg smarte vassmålarar som er mest aktuelt. Dette skal presenterast av Valer kommune og Smarthub under VA-Konferansen i Ålesund 23. mai, og delprosjektet vil etter dette vurdere om vi skal forstå eitt avgrensa område dette kan piloterast i nye Ålesund. Teknologien bygg på kommunikasjon via same system som smart straummålarar, og fordrar difor samarbeid med nettselskapa.

Punkt.2

Førespurnad om sjølvkostbistand var kunngjort på Doffin 3.mai, med frist 25. mai. Når desse er kontrahert treng A9 og dei andre sjølvkostområda eitt breitt samansett oppstartsmøte med konsulenten. Det er ei svakheit med dagens prosjektorganisering at alle fagområde som har sjølvkostområde ikkje har delprosjekt. Arbeidet med nye forskrifter for VA vil kunn medføre større strukturelle endringar for fleire av dei fem kommunane, og vi må tidleg i arbeidet legge opp til eitt dialogmøte med fellesnemnda for å forankre arbeidet. Forskriftsendringar tek tid, og vi er avhengige av tidlege signal slik at vi har tilstrekkeleg grunnlag for å budsjettere for 2020. Felles gebyr og eitt felles gebyrområde vil vere sentrale spørsmål som må avklarast tidleg. Det er teke høgde for framdrift i sjølvkostbistand slik at det skal korrespondere med våre budsjettfristar.

Punkt 3.

VA-Norma er i all hovudsak ferdigstilt. Det er lagt opp til eitt avsluttande arbeidsmøte i sept. Etter dette må den leggest fram for vedtak i Fellesnemnda. Dei kommunane som ikkje har vedtak om va-norm i dag må vurdere om den skal vedtakast i respektive kommunestyrer i tillegg.

Punkt 4.

Steven Jørgensen var med i møtet under dette punktet.

Skildring av system/behov/kravspek er ferdigstilt og Steven tek opp igjen dialogen med innkjøp om intensjonskunngjeringa. Når desse er sydd saman sendast det til A9 for gjennomsyn. Vi legg opp til at denn vert kunngjort før ferien slik at vi kan starte med bygging av den nye ledningsdatabasen til hausten. It må koplast inn for å avklare installasjon etc.

Punkt 5.

Det blir gjennomført møte om dette den 22.5. Agenda til dette møtet er:

- *Status forsystem i dei «gamle» kommunane*
- *Innkjøpsprosess felles forsystem*
 - o *korleis går vi fram?*
 - o *Kven gjer kva?*
 - o *Tidslinje*
 - o *Oppretting av arbeidsgruppe*
- *Forberedelsar fram mot 01.01.2020*
- *Andre nødvendige avklaringar og vegen vidare*

Arbeidet blir to-delt, og med noko ulike deltakarar frå dei fem kommunane. Første fase blir anskaffing av system, den andre fasen blir å bygge dei nye kundedatabasane for nye Ålesund.

Punkt 6.

Vi legg opp til at neste møte blir i Ålesund, der vi arbeider vidare med oppgåvene vi har i mandatet, det er naudsynt å fullføre dei påbegynte oppgåvene. Ut frå vår kartlegging og kjennskap til tenestene må vi utformer eitt forslag til korleis tenestene skal lokalisert, organisert og driftast i den nye kommunen. Dette må sjåast i samheng med eitt eventuelt delprosjekt/arbeidsgruppe for Lokalisering av tenester og bruken av kommunale bygg. Intensjonsavtalen seier noko om dette, og om det er behov for bygningsmessige endringar/bygging etc. må dette avklarast tidleg for å kunne ha dette klart til 2020.

Evt.

Det er orientert om at Sandøy sin driftsleiar har sagt opp, og at dette vil kunne få store konsekvensar for Sandøy si deltaking i reformarbeidet. Sandøy har i tillegg til reformarbeidet mange store prosjekt i gang, og nokre som skal gjennomførast før 2020. Det er ikkje avklart korleis dette skal løysast, men det er aktuelt å lyse ut stilling for å betre kapasiteten i Sandøy. Alternativ er å søke meir samarbeid/overføring av oppgåver til dei andre kommunane. Dette vert teke opp på prosjektleiar si strategisamling 22.5.

For å kunne ha grunnlag til framtidig investeringsbudsjett er det naudsynt å gjennomføre planarbeid, herunder hovedplan for vatn og avløp, samt saneringsplan. Ålesund vil vere ferige med dette i 2018,

og status for dei andre kommunane er noko ulikt, men vi kan slå fast at det ligg føre eitt stort investeringsbehov innafor tenesta, og for at det nye kommunestyret skal ha grunnlag til å gjere naudsynte vedtak og prioriteringar må dette planverket ligge føre i løpet av 2019. Vi har innkjøpsavtale på slik bistand, men det uklart om vi har dei naudsynte interne ressursane for å følgje opp dette arbeidet.

Det er i sist bystyremøte gjort vedtak som innber endringar i Ålesund sine planar. Dette vil ha innverknad på vårt arbeid, og det må truleg gjerast tilsetingar for å følgje opp dette arbeidet.

Neste møte:

Synfaring Ålesund. Oppmøte på sentrallageret i Borgundfjordvegen 100, kl. 08.30. Vi fortset på Rådhuset etterpå og arbeider vidare med vårt mandat mhp. Oppgåver, organisering av tenestene mv.

Harøy 21.05.2018

Kim A. Breivik
ref.